

SAK 14/26 VIDAREFØRING AV KOMMUNENETTVERKET FOR KLIMAOMSTILLING

Saksopplysning:

Kommunenettverk for klimaomstilling er eit samarbeid mellom 24 kommunar i Akershus, Buskerud og Innlandet, og vart etablert for å styrke klima- og miljøarbeidet i kommunane. Gjennom nettverket deler kommunane kompetanse og erfaringar, dei samarbeider om felles prosjekt og støttar kvarandre med å implementere klimatiltak på tvers av kommunegrenser.

I sak 6/25, vedtok Regionrådet at Hallingdal skulle bli med i Kommunenettverket for klimaomstilling i eit år og at kontingenten på kr. 65000 skulle dekkast frå klima og energifondet. No har Hallingdal vore medlem i nettverket i eit år og dette er noko av det ein har fått ut av medlemskapet:

Prosjekt

Ombruk og forlenga levetid for kommunale eigendelar

Korleis får større grad av ombruk av møblar

Her er Hemsedal, Gol og Ål med. Kommunenettverket har fått Klimasatsmidlar og prosjektet er i oppstart. Matchingmidlar til klimasats kjem i form av arbeidstimar. Det vil si at kommunane får dekt halvparten av timane dei brukar til å jobbe med dette.

Klima- og miljøvenlege offentlege innkjøp

Korleis bli betre med klima- og miljøkrav i anskaffingar.

Her har og Kommunenettverket fått klimasatsmidlar, og en prosjektleiar vart tilsett 1.juni 2025. Faggruppe anskaffelse i Hallingdal hadde møte med prosjektleiar i juni. Det er gjort behovsanalyse for å finne ut kva kommunane treng hjelp til. Dette vil vera eit nyttig nettverk for alle kommunar.

Klimavenlege offentlege måltidstenester

Korleis redusere matsvinn og ha meir klimavenlege måltid i kantiner og storkjøkken.

Her er ingen kommunar med aktivt med. Klimakoordinator har hatt fokus på å få innført kjelde-sortering på bu- og behandlingssenter, neste blir å jobbe med matsvinn. Ein vil nytte seg av prosjektleiar inn på møter med kjøkkensjefar.

Fremme sirkulære løysningar i befolkninga

Tiltak for at innbyggjarane skal bruke mindre ressursar, reparere meir, gjenbruke og kaste mindre.

Her er klimakoordinator med på nettverksmøter for å få tips til blant annet Ombruksuka Hallingdal 2026. Det jobbast med en søknad til klimasatsmidlar for å få på plass et opplegg for ungdomsskolar rundt reparasjon av elektronikk der de kommunane som ønsker kan være med. Me kjem til å jobbe for at skular i Hallingdal deltek, og dette vil me jobbe for når om klimasatssøknaden får tilsegn.

Grøn mobilitet

Meir miljøvennleg transport, kollektiv, gang/syssel, klimavennlege transportløysingar

Prosjektet fekk avslag på søknad om klimasatsmiddel. Dette prosjektet er dermed utsette inntil vidare

Strategisk klimaarbeid

Utvikling av planverk, klimatiltak, koordinering og langsiktig planlegging for kommunane sitt klimaarbeid.

- o Nettverket har sendt i høyringsinnspel der nokre av kommunane i Hallingdal har vore med
- o Det vart arrangert kurs i klimakommunikasjon med Cicero der klimakoordinator deltok
- o To klimakontakar deltok på nettverkssamling med tema sirkularitet

Organisering

Nettverket er administrativt styrt med ein dagleg leiar og prosjektleiarar for dei ulike prosjekta. Dei jobbar med å planlegge, gjennomføre og koordinere prosjekter på tvers av kommunar.

Vidare er det klimakontaktar i kommunane, kontaktpersonar i kommunane ut frå kva for prosjekt ein jobbar med og klimakoordinator Hallingdal.

Denne saka handlar om vidareføring i eit år til. Medlemskap kostar 65 000,- i året for Hallingdal.

Vurdering

Hallingdal har ein ambisiøs klimaplan som har fokus på å redusere klimagassutslepp og omstille regionen til eit lågutsleppsamfunn. For å oppnå desse måla er det avgjerande å samarbeide og å dra nytte av felles ressursar og kompetanse. I kommunane er det ikkje ressursar til å jobbe overordna med ulike problemstillingar rundt desse tema. Me har erfart at samarbeid med andre kommunar, også utanfor dalen kan vera ein god moglegheit for Hallingdal til å styrke sitt klimaarbeid.

Nettverket har gitt Hallingdal tilgang til naudsynt kompetanse, ressursar og støtte som har vore viktig når ein skal starte og gjennomføre effektive klimatiltak. Me kunne vore endå flinkare til å ta del i nettverket og utnytte potensialet, men det har bidratt til at Hallingdal har kome eit stykke lenger i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og omstille seg til eit lågutsleppsamfunn, i tråd med måla i klimaplanen. Sidan nettverket har vore i oppstart, er det mogleg at kommunane vil ha enda betre utnytting i det neste året, då ein vil ha moglegheit til å jobbe enda meir konkret. Dette fordrar at kommunane har moglegheit til å nytte seg av ressursane ut over det klimakoordinator kan bidra med.

Bærekraft Hallingdal tilrår at Hallingdal blir med i «Kommunenettverket for klimaomstilling» i eit år til, og at ordninga blir evaluert før ein tek stilling til kva ein gjer vidare. Kostnaden for deltaking er på kr 65 000. Dette kan finansierast frå klima og energifondet i Regionrådet og vil vere heilt i tråd med korleis desse fondmidla er tenkt brukt. Pr i dag står kr 463 000 på fondet.

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet vedtek at Hallingdal blir med i «Kommunenettverket for klimaomstilling» i eit år.
2. Kontingenten skal dekkast frå klima og energifondet.

Hallingdal 20. feb. 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar